



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
29.09.2015
Dykkar dato
08.09.2015

Vår referanse
2015/11754 421.3
Dykkar referanse
15/2180

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Meland - Gnr 56 Bnr 7 - Havrevågen 2 – Uttale – Dispensasjon til utlegging av flytebrygge

Fylkesmannen viser til brev av 08.09.15 med høyringsfrist 07.10.15.

Saka gjeld dispensasjon for utlegging av flytebrygge i sjø på fritidseigedomen gnr. 56 bnr. 7. Brygga med landgang skal ha ei lengde på 12 meter og ei breidde på 2,2 meter. Området er i arealdelen av kommuneplanen sett av til fritidsbustader med innlagt byggjegrænse mot sjø på 30 meter, tiltaket trenger derfor dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og frå byggjeforbodet i strandsona, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8.

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempe, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Fylkesmannen si vurdering

Meland kommune ligg i sone to etter dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, andre områder der prisset på areala er stort. Vi viser til lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova § 19-2:

Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsone forvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandling av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress.

Dispensasjonssøknaden blir grunnlagt ved at ei flytebrygge vil lette og trygge tilkomsten i dårleg vær. Vi har forståing for at dette er ønskelig, men fordelane vil ikkje vere større enn den negative verknaden på strandsona. Vi viser til «spørsmål og svar til plan- og bygningsloven (plandelen)» i regi av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet¹. I høve til verdsetjing av fordelar og ulemper i dispensasjonssøknadar står det at:

¹ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/tema/plan--ogbygning/plan/planveiledere/sporsmal-og-svar-til-ny-plan--og-bygning/kapittel-19-dispensasjon-.html?id=597615>

Man må trekke inn en bredere vurdering av fordelene enn bare fordelene for den enkelte søker. Dette vil avhenge noe av hva det søkes om dispensasjon fra. Ved en søknad om dispensasjon fra byggeforbudet i 100 metersbeltet vil sjelden fordelene for den enkelte alene oppveie ulempene for de offentlige interessene bak byggeforbudet.

Det er allereie ei brygge på tomta, og vi meiner at tiltaket vil føre til ytterlegere privatisering av strandsona. Utlegging av brygge her kan også føre til presedens for seinare søknader i området og i kommunen elles. Eigarane på nabotomta har allereie no signalisert at dei og vil ha ei brygge.

I dette tilfellet vil ei utlegging av brygge setje strandsonerinteresser til side utan ei klar overvekt av fordeler sett i eit samfunnsperspektiv. Vilkår for å gje dispensasjon er derfor ikkje innfridd, og Fylkesmannen rår i frå ein dispensasjon i saka.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brække Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.